

Møteprotokoll

Råd: Valle og Hylestad Sokneråd

Dato og tid: 29.04.2025, 15:45

Stad: Valle kyrkjekontor

Saksmappe: V&H2025-23

Til stades: Torstein Bjørgum (Leiar), Gudrun Sagneskar (Nestleiar), Toralv Frøysaa Lie (Sekretær), Knut Olav Uppstad (Medlem), Kristine Kleiveland (Medlem), Liv Gunn Viki (Medlem), Margit Homme (Varamedlem), Torleif B Harstad (Varamedlem)

Forfall: Arne Tronsen (Medlem), Kristian Mosvold (Medlem), Knut Hagen (Andre innkalte)

Protokollfører: Toralv Frøysaa Lie

Møtet starter og Anders Kirkebø Giske blir med frå kl. 16 på Teams

Sakslista

Faste Saker

029/25 FR - Godkjenning av innkalling og saksliste

030/25 Opning

031/25 Fellesrådet og Soknerådet har kvar sine særskilte oppdrag

032/25 Leiar i soknerådet orienterer

033/25 Kyrkjevevja orienterer

034/25 Presten orienterer

035/25 Førespurnad

Møtesaker

036/25 FR - Presentasjon av førebels rapport frå KA "Økonomisk referansemaaling - Valle og Hylestad sokn - 2025"

037/25 FR - Budsjettjustering 2025

038/25 SR - Trefelling på Hylestad kyrkjegard

Orienteringssaker

00010 FR - Økonomisk rapport Kvartal 1

00011 FR - Minnelunden på Hylestad er godkjent og klar til bruk

Knut Olav Uppstad
Medlem

Gudrun Sagneskar
Nestleiar

029/25 FR - Godkjenning av innkalling og saksliste

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Toralv Frøysaa Lie	29.04.2025	029/25

Forslag til vedtak

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Møtebehandling

Det vart lagt til to saker. Ei om budsjettjustering og ei om trefelling på Hylestad kyrkjegard.

Vedtak

Innkalling og saksliste utvidia med to saker vart samrøystes godkjent.

030/25 Opning

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Toralv Frøysaa Lie	29.04.2025	030/25

Vedtak

Opninga vart teken til orientering.

031/25 Fellesrådet og Soknerådet har kvar sine særskilte oppdrag

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Toralv Frøysaa Lie	29.04.2025	031/25

Forslag til vedtak

Tatt til orientering

Vedtak

Orienteringa vart teken til etterretning.

032/25 Leiar i soknerådet orienterar

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Toralv Frøysaa Lie	29.04.2025	032/25

Møtebehandling

Orientering om synfaring på kyrkjegardane i Hylestad og Valle

Vedtak

Orienteringa vart teken til etterretning.

033/25 Kyrkjeverja orienterer

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Toralv Frøysaa Lie	29.04.2025	033/25

Forslag til vedtak

SR-FR tek orienteringa til etterretning

Møtebehandling

Me treng kyrkjevert til gudstenesta på soknehuset 17. mai kl. 16.30.

Me treng kyrkjevert til konfirmasjonsgudstenesta laurdag 31. mai kl. 11.00 i Hylestad kyrkje

Me treng kyrkjevert til gudstenesta 27. juli kl. 11.00 i Valle kyrkje

Me treng kyrkjevert til gudstenesta sundag 12. oktober kl. 16 i Hylestad kyrkje. Det er i kulturveka og Eyvind Skeie blir med den dagen.

Hylstringen er eit kulturarrangement på Hylestad ei helg i mai. Laurdag 24. mai skal diakoniutvalet ha eit opplegg utanfor Sølvarden. Dei treng ein eller to til å vere med å rigge og ordne til den dagen.

Staben arbeider med å få til ein felles dag med stell på kyrkjegardane. Dette vil bli offentleggjort og soknerådet blir oppmoda til å stille opp.

Det er to personer som har vist interesse for stillinga som kyrkjeverje / kyrkjelydsarbeidar. Ein søknad har kome inn.

Stillinga som klokkar / kyrkjetenar er lyst ut med høve til å dele opp stillinga. Førebels har ingen tatt kontakt om denne.

Vedtak

SR-FR tok orienteringa til etterretning

034/25 Presten orienterer

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Toralv Frøysaa Lie	29.04.2025	034/25

Vedtak

Ingen orientering.

035/25 Førespurnad

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Toralv Frøysaa Lie	29.04.2025	035/25

Forslag til vedtak

Tatt til orientering

Møtebehandling

Det var ei orientering om bibelgrupper i bygdenytt. Korleis tenker adminstrasjonen om dette?
Pr idag har ingen tatt kontakt om dette. Tanken er å gje eit tilbod og knytte folk saman i grupper som allereie møtes.

Det har vore tradisjon for å ha kyrkjene opne om sommaren. Kva tenker ein om dette i adminstrasjonen.
Ein vil ta dette opp i neste soknerådsmøte, og førebu med å legge ein plan for open kyrkje sommaren 2025.
Ein har allereie eit vedtak om å ha open kyrkje i samband med kulturarrangementet Hylstringne siste helga i mai. Ein kan og orienter om at det er tinga nye banner til bruk ved Valle og Hylestad kyrkje. Desse banner har teksta "open kyrkje", og vert teken i bruk dette året.

Det står omtala orgelkonsertserie denne sommaren i kalenderen. Har me råd til det?
Orgelkonsertserien ligg i budsjettet for 2025 med kr 60.000,-

Vedtak

Orienteringa vart teke til etterretning.

036/25 FR - Presentasjon av førebels rapport frå KA "Økonomisk referansemåling - Valle og Hylestad sokn - 2025"

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Toralv Frøysaa Lie	29.04.2025	036/25

Forslag til vedtak

Valle og Hylestad SR-FR ber KA ta med seg det som kjem fram av spørsmål og innspel i den endelege utforminga av rapporten.

Møtebehandling

Ein hadde god tid til presentasjon og drøfting av rapporten.

Det kom innvending mot referansegruppa som vart bruka i rapporten. Ein utfordra KA til å sjå på dette på nytt. Rekneskapet viser høge tal på administrasjon - det kan vere grunn til å sjå på kva som ligg bak desse tala. Administrasjonen vart utfordra til å sjå på rekneskapet på nytt, om det er ekstra inntekter og utgifter i 2023 og 2024.

2023 var eit år med mange unntak.

Vedtak

SR-FR ber administrasjonen om å sjå på og sende informasjon til KA

- om det er ekstraordinære inntekter eller utgifter i 2023 og 2024.
- på kva som ligg bak dei høge tala på administrasjon i rekneskapet

SR-FR avventer ein revidert rapport frå KA med meir relevant referansegruppe som gjev ei forsvarleg samanlikning.

Samrøystes vedteke

037/25 FR - Budsjettjustering 2025

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Toralv Frøysaa Lie	29.04.2025	037/25

Vedtak

Budsjettmidler til ENØK – varmestyring i kyrkjene blir lagt inn i budsjettet for 2025.

Fond 55108000 – Bundet fond kr. 170.000

Fond 55608006 – Øremerka kr. 71.100

Innkjøp av minneplater til Minnelunden på Hylestad vert lagt inn i budsjettet og dekkja av disposisjonsfondet.

Samrøystes vedteke.

038/25 SR - Trefelling på Hylestad kyrkjegard

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Toralv Frøysaa Lie	29.04.2025	038/25

Forslag til vedtak

Kommunen fær i oppdrag å felle den eine bjørka som peiker seg ut med at ho er svært skada, og å felle dei tri grantrea som står att i Rundellen.

Møtebehandling

Saka vart opplyst og samtala om. Mellom anna vil det kome ei sak i neste møte der ein føreslær å gå igang ein plan for planting som kan sikre ein meir parkliknande kyrkjegard. Det er ei utfordring med rotsystemet på gamle bjørketre i forhold til graver og kyrkjegardsmur. Ein ynskjer ikkje å ribbe kyrkjegarden meir ned før ein får på plass ein plan for planting,

Vedtak

Kommunen fær i oppdrag

- å felle den eine bjørka som peiker seg ut med at ho er svært skada, og
- å felle dei tri grantrea som står att i Rundellen.

Samrøystes vedteke.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	29.04.2025	00010

00010 FR - Økonomisk rapport Kvartal 1

Informasjon

Me har fått kvartalsrapport frå økonomiavdelinga.

"Her ser dere utgiftene øverst, og inntekter nederst.

Rapporten viser også hva vi satt opp som budsjett for hele året.

Investeringsregnskapet har det ikke vært aktivitet på i årets første kvartal, så har ikke laget en rapport for det."

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	29.04.2025	00011

00011 FR - Minnelunden på Hylestad er godkjent og klar til bruk

Informasjon

Statsforvalteren i Vestfold og Telemark har fått dokumentasjon dei etterspurde etter godkjenning av minnelunden.

Nye VEDTEKTER FOR GRAVPLASSANE I VALLE KOMMUNE er godkjent med endring av **§ 11. Namna minnelund** - tredje avsnitt som måtte bytast ut med denne:

«I namna minnelund kan ein feste ei grav i tillegg (reservering) når ei grav blir nytta, mot at ein betalar ei festeavgift frå det tidspunktet den fyrste grava blir nytta. Ved feste av ei grav i tillegg, vil ikkje gravene utan vidare kome attmed kvarandre, men namna vil stå over kvarandre etter ein felles standard.»

Tidlegare formulering var slik:

I namna minnelund kan ein feste ei grav i tillegg når ei grav blir nytta, mot at ein betalar ei festeavgift frå det tidspunktet den fyrste grava blir nytta. Ved feste av ei grav i tillegg, vil ikkje gravene utan vidare kome attmed kvarandre, men namna kjem over kvarandre på den same namneplata.

Dette er kunngjort

på våre heimesider - <https://valle.kyrkja.no/>

på Facebook - <https://www.facebook.com/Kyrkja.i.Bykle.Valle.og.Hylestad>

i Setesdølen.



DEN NORSKE KYRKJA

KUNNGJERING

Minnelunden på Hylestad er nå godkjent av Statsforvalteren i Vestfold og Telemark og kan takast i bruk.

Ny «Forskrift om gravplassvedtekter, Valle kommune, Agder» ligg på Lovdata.no og tek til å gjelde 1. mai 2025. Frå same tid blir «Vedtekter for kyrkjewgardane i Valle kommune» frå 1992 oppheva.

Det er nye priser på festeavgift og tenester i samband med gravferd og drift av gravplassane i Valle.

Sjå meir på på heimesida vår
www.valle.kyrkja.no